

Nordfjord vassområde



Referat frå møtet i prosjektgruppa i Nordfjord Vassområde 21.01.2016.

Møtet var på Eid vg skule, møterom Sophus Lie, kl. 9.30 til 12.40.

Desse møtte: Prosjektleiari Staffan Hjøhlman. Joar Helgheim, Jølster. Solfrid Trå, Jølster. Per Ove Fossheim, Gloppen. Ståle Hatlelid, Hornindal. Stanislawa Voldsund, Eid. Sigmund Larsen, Bremanger. Ingvald Tennebø, Vågsøy. Kristian Nave, Selje.
Forfall: Odd Rønningen, Stryn.

Orienteringar:

Prosjektleiaren har vore på møte om felles rammeavtale mellom FM og SFF som gjeld analyser av vassprøver. Dette skal ut på anbod.

Vassprøvetakinga skal kommunane stå for.

Nytt møte i morgon, 22.01.2016 på Skei. Då møtest leiinga i Sogn og Fjordane Vassregionutval. Prosess og evaluering. Mange nyvalde politikarar i vassforvaltninga.

SAK 1. Problemkartlegging:

Tiltaka ligg i *vann-nett.no* Det er ikkje råd å endre noko i vann-nett no og fram til rapportering til ESA.

I planen er det 74 tiltak i Nordfjord, mange er problemkartlegging.

I lista med dei 74 tiltaka må kommunane vurdere sine vassførekomstar med omsyn til kva tiltak ein ynskjer å prioritere no. Kommunane «styrer» dette etter økonomisk innsats i vassområdet.

Prosjektleiaren set opp ei liste som kommunane ser over og prioriterer tiltak som skal gjennomførast og lagar også ei oversikt over økonomiske midlar fordelt på kommunane.

Innlegging av prøvedata kan gjerast i *vannmiljø* (vannmiljo.miljodirektoratet.no) av Fylkesmannen.

Elveførebygging; kommunen er styresmakt for biologisk og kjemisk tilstand. NVE er styresmakt for liv/helse/bustad ved flomfare. Ved omfattande førebygging kan vassførekomsten bli sterkt modifisert som kan føre til lågare miljømål.

Fylkesmannen har kompetanse til å vurdere/kartlegge førebygde elvar i høve fisk. Ein treng standardisert metode og krav for undersøkingar/tiltak.

SAK 2. Temagrupper.

Framlegg til temagruppe Landbruk: Bondelaga, FMLA, kommunane FNF (forum for natur og friluftsliv), Landbruksrådgeving S & Fj.

Framlegg til temagruppe Avlaup: Kommunane, FNF, grendelag eller grunneigarlag, FMMA, elveigarlag? (bransje reinseanlegg kjem ev. seinare)

SAK 3. Spreidde avlaup – samarbeid mellom kommunar.

Lite kontroll av spreidde avlaup av kommunane. Kvalitetsheving ved nye utsleppsløyve og avviksliste frå septiktøming. I praksis ikkje kontroll av reinsing og utløp frå reinsing.

Det er aktuelt med lokal forskrift om gebyr for tilsyn av mindre avlaupsanlegg. Det er ikkje heimel for slikt gebyr i sentral forskrift.

Nordfjord vassområde



Det var semje i møtet om at gjeldande, sentral forskrift gjev god nok heimel for tiltak. Det som kommunane har bruk for er rutinebeskrivelse/framgangsmåtar for forbetringar/pålegg.

Stanislawa Voldsund har laga eit framlegg til felles forskrift for fleire kommunar. Kommunane vart oppfordra til å komme med innspel til denne.

SAK 4. Tilskot.

Det er søkt om midlar frå Miljødirektoratet til to prosjekt

1. Heilskapleg tiltaksplan for Strynevassdraget (tilskot generell vassforvaltning)
2. Undersøkingar av elvemuslingførekostane i Sogn og Fjordane (tilskot truga artar)

Kristian Nave
Ref.